

Vegen blir sikra ved Djupehølen

10.05.2011



Tveiten Maskin i arbeid ved Djupehølen

I sommar blir det lagt ny asfalt på fylkesvegen mellom Kapteinsgården og Haugland, men det var først naudsynt med eit grundig sikringsarbeid ved Djupehølen.

**Der har vegen
lenge vore på nippet til å gli ut i elva og ein ekstra plastring med
asfalt for nokre år sidan var langfrå tilstrekkeleg.**

Derfor vart vegen stengt i går og Tveiten Maskin (Omvikdalens) gjekk igang med å grave ut og lage ein ny og svært solid mur mot elva.

Jobben vil truleg ta ei vekes tid og i mellomtida må dei berørte oppsittarane finna seg i å køyra den kommunale vegen på andre sida. Det gjer dei nok med glede, for denne jobben måtte gjerast for å sikra vegen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Vegen blir stengt ei veke